

## NOTAT

### Vedlegg nr.

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet (Bypakke Bergen)  
Fra: Vestland Fylkeskommune  
Kopi: Sekretariatet

Saksbehandler:  
Ragnhild Dalsbø  
Vår dato: 01.10.2021

## Prisjustering av takstane i Bypakke Bergen

Vestland fylkeskommune har motteke brev frå Ferde, og viser til Prop. 11 S (2017 – 2018) om finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland. I proposisjonen står det at Samferdselsdepartementet legg til grunn at takstane kan justerast i tråd med konsumprisindeksen.

Vidare viser fylkeskommunen til referat frå styringsgruppa for Miljøløftet (Bypakke Bergen) sitt møte 31.10.18, der det stod følgjande under sak 69/18 pkt. 2:

«Enighet om at fremover vil bompengetakstene bli justert når prisøkning i forhold til konsumprisindeks er oppnådd, og når denne utgjør en hel krone på ordinær takst. Styringsgruppen får sak om prisjustering til orientering.»

Takstane i Bypakke Bergen, med unntak av takstane for nullutsleppskøyretøy, vart sist justerte 6.april 2019, basert på takstvedtak frå Vegdirektoratet frå 8. mars 2019 (Ref. nr. 17/67842-19). Prisveksten frå takstvedtaket i mars 2019 til juli 2021 var på 5,34 %.

Dagens takstar er som følgjer:

Bypakke Bergen		Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
		Diesel	Normal takst	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Full pris	Utanfor rushtid	30	25	5	70	37	0
	Rushtid	56	51	10	123	75	0

Prisjusterte takstar frå og med 01.01.2022:

Bypakke Bergen		Takstgruppe 1			Takstgruppe 2		
		Diesel	Normal takst	Nullutslepp	Euro V og eldre	Euro VI	Nullutslepp
Full pris	Utanfor rushtid	32	26	5	74	39	0
	Rushtid	59	54	11	130	79	0

Rabattar og takstsystem vert elles som i dag (ref. <https://ferde.no/bomanlegg-og-priser/bomringen-i-bergen>).

Etter at Vestland fylkeskommune har orientert om saka i styringsgruppa for Miljøløftet, vil Ferde sende dei prisjusterte takstane for Bypakke Bergen over til Vegdirektoratet som gjer takstvedtak. Ferde vil kunngjere eit nytt takstvedtak seinast fire veker før takstane vert endra.

## Forslag til vedtak

Styringsgruppa tar saka om prisjustering av bompengetakstane i Bypakke Bergen til orientering.